



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 5

Desember 2016

59. årgang




Foto: Kenneth Kidøy

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@enivest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Irene Mongstad. Tlf. 91151993. irene.mongstad@enivest.net

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@enivest.net

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@enivest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Viss du er på Facebook, kan du gå inn på «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen

Redaksjonen ønskjer lesarane ei god jul, og minner om alt som i desse tider skjer i kyrkjer og forsamlingslokale rundt i grendene. Når det gjeld julefestar, har vi i skrivande stund fått opplysningar berre frå Brekke. I alle fall: Sjå på gudstenestelista og på plakatar, og ta del i Den store Lysfesten! Neste nr. kjem i februar/mars. Innsendingsfrist: 1. februar.

Julefest i Brekke bedehus

Det blir julefest i Brekke bedehus **tysdag 27. desember (3. juledag) kl. 15.30.**

God mat, juletrengang og julesang.
Brekke kr. ungdomslag



Juleandakt

I staden for den tradisjonelle biskopens juleandakt til kyrkjelydsblada, har biskop Halvor Nordhaug i år konsentrert seg om den komande jubileumsfeiringa av Martin Luther (sjå side 11 ff.). Så difor lèt vi ein av julesalmane frå den nye salmeboka vere vår vesle juleandakt til lesarane.

Djupaste mørker

*Dette er nr. 70 i den nye salmeboka;
ein av dei nyare julesalmane som er
komne med der.*

Tekst: Arnfinn Haram, 1995

Melodi: Ariel Ramirez, 1964



Djupaste mørker ligg over jord,
frosthard er marka, stjerna står stor
høgt over huset der på eit fang
Frelsaren kviler, natta er lang.



Kransa kring bålet, hyrdingar små
englesong høyrer. No vil dei gå
like til stallen, stilt stig dei inn,
kneler for barnet, kyssar hans kinn.

Angen av høyet, bitter og yr,
pusten av trøytt, nattvarme dyr,
vinden som kviskrar – alt andar ut:
No er han komen! Her er vår Gud!



Kongar frå Austen, vismennar tre,
røykjelse, myrra, gull har dei med.
Vidt har dei fare, langt skal dei dra,
bodskap få bera. Halleluja.



Tettast ved krubba, moderleg god,
vaker Maria, glad er ho no.
Guten ved barmen, tvegen og fin;
Gudeson er han, sjå kor han skin!

Maria, Maria, visste du vel
alt som deg ventar: sverd i di sjel,
naglar og tornar, blod på ein kross!
Ofrast lyt Sonen, ofrast for oss.

Djupaste mørker ligg over jord,
alt fekk du prøva, Jesus, min bror.
Gå ikkje frå meg, Herre, eg bed!
Ven frå det høge, du er min fred.



Visitasforedrag ved bispevisitasen i Gulen og Masfjorden 25.–27. og 30. oktober 2016



(Foto: Rune Garmann)

Kjære kyrkjelyd!

Takk for flotte dagar under visitasen her i Gulen og Masfjorden! Det har vore nyttig med felles visitas for dei to kommunane som har felles presteneste og felles utfordringar. Det har vore lærerikt å møta tilsette og bygdefolk, elevar, lærarar og kommune-
toppar og oppmuntrande å sjå kva de får til trass i utfordringar.

Etter ein visitas skal biskopen summere opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i sam-

arbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Geir Sørebø.

Lat meg fyrst seia at det er spesielt å feira gudsteneste på denne staden og vita at heilt sidan Olav den heilage har folk trudd på Jesus her. Ikkje berre det, dei trudde ikkje berre inni seg, dei let trua vera synleg. Dei reiste steinkrossar og dei skreiv trua inn i lovene her på Gulatinget, dei bygde kyrkjer og dei gav trua vidare til neste generasjon. Om lovene er endra, står det enno i grunnlova at «Den norske kirke forbliver Norges folkekirke».

Men skal dette bli meir enn fagre ord, må vi føre denne arven vidare.

Gudsteneste

Det gjer vi når vi går til gudsteneste. Då gjev vi Gud ære, då viser vi at trua er viktig, og vi får ta imot Guds gode gåver gjennom forkyning og sakrament. Og er det ikkje gudsteneste lokalt, så gå i nabokyrkja der det går an, til dømes i Solheim og Brekke som legg så nær kvarandre. Det er bra at de legg opp til å sjå gudstenestetilbodet i desse to kyrkjene i samanheng.

Gudstenesteframmøtet kunne vera betre, og gjennomsnittsalderen er høg. I meldinga frå Gulen skriv de at «utfordringa ...er å gjera kyrkja og dei «vanlege» gudstenestene meir attraktive for folk flest». Den ut-

fordringa vil eg oppmoda sokneråda om å ta. Dette må de drøfta, kanskje skal de ha gudstenesteutval eller grupper som kan vera med å førebu gudstenesta.

Presteressursane

Diverre gjer økonomien det vanskeleg å få til det vi helst vil, og bispedømet har vore nøydd til å redusera prestenesta i Gulen, Masfjorden og Solund frå 3 til 2,5 stillingar. Etter ei tid med skiftande prestedekning har vi no tre gode prestar som innanfor denne ramma har teneste i Gulen og Masfjorden, og alle sokn har sin faste sokneprest.

Prosten har utarbeidd eit forslag til korleis ein best kan fordela gudstenestene slik situasjonen er, men totalt sett vil det bli færre gudstenester enn det var før.

Dette er ikkje ein ønskesituasjon for Gulen og Masfjorden, det veit vi. Så prosten har teke eit initiativ og laga ein modell for betre presteteneste dersom dei tre fellestråda i dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden er villige til å gå saman med bispedømet om å finansiera ein del av ei prestestilling, slik at den samla stillingsressursen i dette området kan aukast frå 2,5 til 3 heile stillingar. Då kan ein få ein prest i kvar kommune, og ein vil få svært mykje igjen, mykje meir enn dei ekstra pengane skulle

tilseia. For med ein prest i kvar kommune blir mykje mindre av arbeidstida borte i reiser. Det betyr at presten kan vera meir til stades, og ein vil kunna auka talet på gudstenester.

Til kommunen

Men dette forslaget føreset at kommunane gjev fellestråda midlar til å gå inn på ei slik ordning. Eg trur kommunane veit kva prestetenesta har å seie for bygdene og folket her i Gulen og Masfjorden, så eg vil be dykk om å vera positive til framlegget frå prosten. Eg hadde eit godt møte med ordførarane og kommuneleiinga og eg vil takka for den tydelege velviljen de viser og for at de ser verdien av kyrkja i lokalsamfunnet. Kommunen har gitt ressursar til å halde kyrkjer og kyrkjegardar i rimeleg god stand. Dette er positivt og bra, men for kyrkja er det eit problem at så mykje ressursar går med til så mange bygningar for så få menneske. Dei økonomiske ressursane til det utøvande arbeidet vert relativt små i høve til alt som trengst for å ta vare på bygningane.

Trusopplæring

Fyrst og fremst skal vi gje arven vidare. Begge fellestråd har tilsette i kombinerte stillingar til å driva med trusopplæring i tillegg til andre oppgaver. For at det skal fungera er ein avhengig at andre og er med i trusopplæringa, både tilsette og uløna

frivillige medarbeidarar. Her er det ulikt kva ein får til i sokna ut frå tradisjon og ressursar, til dømes om det er bedehus ein kan samarbeida med. Det er lett å sjå seg blind på det ein ikkje får til, men eg vil gje dykk ros for alt som skjer i sokna, anten hovudansvaret ligg hos soknet eller i kristne organisasjonar. Det er trusoppplæringstiltak i alle sokn og kontinuerlege tiltak i nesten alle.

Det er fleire Tenklubbar og barneklubbar, Fredagsklubb, Yngres og Fempluss i Masfjorden. I Gulen er det både tysdagskafe og onsdagsklubb. Det er minikonfirmantar med leir på Alværa. Også her er det Yngres og barneforeining med god oppslutning. Dette er eit særst verdifullt arbeid, og det ser ein igjen ved at det er god oppslutning om konfirmantarbeidet. Det må de vera stolte over og ta vare på.

Samarbeidet med skulen og barnehagen

Når det gjeld skule- og barnehagesamarbeidet, har eg hatt møte med lærarar og rektorar. Det er flott å sjå kva ein har fått til i skule-/kyrkjesamarbeidet i dei to kommunane. Eg har møtt elevar på Eivindvik og Dalsøyra skular og sett på kunstprosjekta i KRLE, og eg vart imponert over elevane si utstilling av teikningar av bibelhistoria og at dei hadde laga modell av Gulen kyrkje. Også i Mas-

fjorden har ein gode tiltak, blant anna det å øva songar med borna i barnehagen før utdeling av 4-årsbok. De får til mykje, men det er nok behov for ein oppdatert årsplan for samarbeidet.



Frå utstillinga på Dalsøyra skule (over) og ved kyrkjemodellen på Eivindvik skule (under).



Frivillige, uløna medarbeidarar

I denne visitasen har eg møtt mange uløna medarbeidarar som har gjort sin frivillige innsats i sokneråd og i arbeidet for born og unge i kyrkja. Eitt døme er dugnadsarbeidet som var lagt ned i samband med 150-årsjubilea til kyrkjene i Brekke og Gulen. Når eg

les om det, ser eg ein kjærleik til kyrkja. Samstundes høyrer eg at det er vanskeleg å få folk til å sitja i sokneråd og å vera med på tiltak i trusopp-læringa. I tillegg er folk gjerne med på mange ting, korps, 4-H og andre lokale lag, og det er ein god ting. Difor må ein på den eine sida ikkje overbelasta folk, og på den andre sida skal ein hjelpa dei til å finna eit fellesskap og ei teneste. Då må ein skapa det fellesskapet som gjer at folk vil vera med å gjera ein innsats. Det gjer ein ved å gje opplæring, oppfølging og støtte, ikkje berre oppgåver. Målet er at folk skal kunna gleda seg over tenesta, gleda seg over å vera med i eit fellesskap.



Frå frivilligfesten på Dalsøyra

Gjevarteneste

Eg høyrer ofte på visitasar at sokna seier dei har for lite ressursar til å gjera noko. Men tenk om alle dei som ser verdien av eit godt barnarbeid, til dømes foreldre og besteforeldre,

kunne gje direkte til barnarbeidet i soknet, til det dei ser at ungane har glede av. Det trur eg mange ville, for det er lettare å gje til det ein ser. Men då trengst det at ein har ei gjevarteneste, og det er det berre Gulen sokn som har. Difor vil eg sterkt oppmoda dykk om å laga ei målretta gjevarteneste i alle sokn, slik at folk kan gje til det som står deira hjarta nærast. Det gjer det enklare å planlegga, og ein kunne få til meir. Det er mykje pengar både i Gulen og Masfjorden, men dei ligg i lommene til medlemmene. Noko av desse må setjast i om-løp for arbeidet i kyrkjelyden. Vi kan ikkje lenger tru at stat og kommune vil gje alle dei naudsynte midlane til drift av kyrkja. I resten av verda er det kyrkjemedlemmene som tar ansvar for økonomien og for det som skjer i eigen kyrkjelyd. Det må vi og læra oss.

Forum for tru

I meldinga frå Masfjorden er det ein spennande ide: Eit forum for å snakka om tru. Dette må de arbeida vidare med, for eit slikt tilbod manglar i vår tid. Eg trur mange kan tenka seg ein slik open samtale, det gjeld berre å finna ein stad og ei form som passar. Difor er det fint å høyra at ein i Brekke skal ha temakveldar med samtale. Det er ein god ide som eg vil utfordra dei andre sokna til å vurdere.

Skal evangeliet prege oss, må vi vita kva vi trur på. Eg synest det er flott å høyre at nokon etterlyser kristen undervisning for vaksne, for det gjer eg også. Dette kan med fordel gjerast som eit fellestiltak mellom fleire sokn.

Skjerjehamn

Til slutt vil eg seia nokre ord om Skjerjehamn. Eg forstår at det er mange som gjerne vil gifta seg der, i alle fall at det skal gå an. Her i Bjørgvin har eg ikkje godkjent stader som er ein del av ei kommersiell pakke med vigselstad og festlokale. Men no forstår eg at Kongestatuemrådet er eit friområde og at det ikkje er bindingar til kor ein skal ha bryllaupsfesten. I tillegg har eg diskutert det med mine bispekollegaer, og kome fram til at vi skal ha ein felles praksis der også stader som er eigde av kommersielle føretak, kan nyttast, så framt dei er eigna. Som de skjønår, så vil eg altså opna opp att for vigsel ved kongestatuem.

Takk

Eg vil takka dykk alle for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand. Takk for to gode og oversiktlege visitasmeldingar. Takk også til alle dykk som står på til beste for Guds rike, både løna og uløna medarbeidarar i Gulen og Masfjorden!

Ein takk går òg til prosten som har vore med å leggja til rette og planleggje denne visitasen. Han har vore med heile vegen, og er biskopens utstrakte arm til Gulen og Masfjorden når biskopen ikkje er her. Og så nokre utfordringar til dykk, som summerer opp denne visitasen.

Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

*** Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Gud ære.**

*** Ver med på spleiselaget for å få til ei betre fordeling av prestetenesta.**

*** Ta vare på frivillige, lag fellesskap og gje opplæring, slik at fleire kan bli med i det som skjer.**

*** De må få i gang ei gjevarteneste i dei sokna som ikkje har det.**

*** Arbeid vidare med den spennande ideen om forum for samtale om tru.**

Og med desse utfordringane takkar eg for meg, og reiser frå Gulen og Masfjorden med mange flotte inntrykk. Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket her i desse seks sokna, så mange kan få oppleva at dei høyrer til i kyrkja og oppleva gleda over å ha ei kyrkje i bygda og ein god bodskap i livet.

*Bjørgvin bispestol, 30. oktober 2016
Halvor Nordhaug*

Fleire glimt frå bispe- visitasen



Det var mykje god underholdning på frivilligfesten på Dalsøyra på tysdag

kveld, m.a. ved elevar på musikk-skulen i Masfjorden, og ved Brekke mannskor under dirigent Boris Kuprijanov. Frivillig lydmann var Mats Stendal (under).



Biskop Halvor Nordhaug presenterte seg for festlyden og bar fram ei helsing.


Det var tydeleg at folk sette pris på å bli inviterte til ein slik fest, og dei kosa seg med prat og god mat.




Tidlegare på dagen tysdag var det konfirmanttime med alle konfirmantane i begge kommunane, i Brekke kyrkje.

I tillegg til visitasgudstenesta søndag

var det òg gudstenester i Byrknes bedehusapell (onsdag) og i Frøyset kyrkje (torsdag).



Før gudstenesta på søndagen var det «pilegrimsvandring» frå Krossteigen i Eivindvik og til Gulen kyrkje. Anne Hopland, prosjektleiar for Gulatinget, orienterte dei frammøtte ved krossen i Krossteigen og ved Lovseieberget.



Gudstenesta i Gulen kyrkje avslutta med biskopens visitasforedrag til kyrkjelydane i alle sokna. Med det var fire innhaldsrike visitas-dagar til ende.

Ein allsidig biskop!



At Halvor Nordhaug er ein allsidig biskop, er dette eit godt eksempel på. Som den fotballentusiasten han er, heiv han seg på ein kamp med den yngre garde etter at gudstenesta på Byrknes var avslutta. Kven som vann, seier historia ingen ting om. Men av biletet nedanfor kan vi gjette det ...



Luther-jubileum:

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlats-handelen. Dermed starta den rekkja av

hendingar som vi i dag kallar reforma-sjonen, og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet, men òg samfunns-livet i Europa på fleire måtar.



Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman, som akkurat reformasjonen. Det er difor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg *gjenoppdaginga* hans av *evangeliet om Guds nåde*. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vere særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrot slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid.

Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtte med både egne og andre sine forventningar om å lukkast, med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held, anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortjeneste og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet


Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, t.d.læra hans om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sette i verda, og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde, like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske

utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde.

Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin



Lutherfestdagar i reformasjonsbyen Bergen 3.-7. mars

I 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen har status som Noregs reformasjonsby og inviterer til Lutherfestdagar 3. – 5. mars. 31. oktober 2017 er det 500 år sidan Luther offentliggjorde sine berømte avlatstesar i Wittenberg, noko som skulle vise seg å forandre store delar av verda. Reformasjonsbyen Bergen representerer Noreg i eit nettverk av 68 europeiske byar. Vi vil:

- *synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet,*
- *feire dei gode fruktene av reformasjonen*
- *gje impulsar til debatt om samfunnsverdiane våre*

Bli med på festen og få med deg dette (førebels program):

Fredag 3. mars: Luthernatt:

Salmefest i Domkirken

Historiske vandringar i Bergen

Omvising i Kyrkjekunstsamlinga på Universitetsmuseet

Thank God it's Friday (TGIF): ungdomstreff i St. Jakob

Preikekappleik på «Østre»

Forteljarteater – Helga Samset og Arve Henriksen

Konsert – improvisasjon over den musikalske arven frå reformasjonen, på «Østre».

Laurdag 4. mars:

Reformasjonsbussen på Torget - til randa fylt av historier frå ei europeisk reformasjonsløype

Kl.11: Lutherland opnar i Nykirken/ Barnas Katedral

Kl.13: Offisiell opning av Reformasjonsbyen Bergen på Torgalmenningen med Salmestafett frå kl 12.30.

Kl.15: Eit samfunn i oppbrot - kva gjer det med oss? Samtale om verdi-ane frå reformasjonen, i Universitetets Aula

Kl.20: Jubileumsframsyning: Johanneskirken: kor, orkester, band, solistar

Kl.22: Nachspiel/konsert for ungdom i St. Jakob kirke

Sundag 5. mars:

Kl.11: Barnas festgudsteneste i Nykirken – Barnas Katedral

Kl.11: Festgudsteneste i Domkirken: Reformasjonskantanten av Bach.

Kl.13 - 14 – 15: KODE: religiøs kunst - omvising

Kl.16: Har vi mista vårt medvit om kulturarven?: Debatt på Litteraturhuset

Kl.18: Tysk gudsteneste – replika – frå 1897 - Mariakirken

Progressive protestantar? – Lutherforskningsdagar

Måndag 6. mars:

Kyrkjekunst før og etter reformasjonen. Konferanse og folkemøte

Tysdag 7. mars:

Reformasjonen - ei vellukka eksportvare? Konferanse og folkemøte

Misjon – diakoni – bistand

Med atterhald om endringar

Prosjektleiar Ragna Sofie Grung Moe, rm548@kyrkja.no

Tesar i tida – ei dør for publisering av aktuelle påstandar

Har du ein påstand du vil ha fram? Noko som ligg deg på hjarta som du vil diskutere? I heile 2017 vil organisasjonar, institusjonar og folk flest få presentert sine "tesar" på frukostmøte, i byrom og på nett. Det er Reformasjonsbyen Bergen 2017 som står bak dette, saman med Kirkens bymisjon.

Forteljinga om reformasjonen startar med at Luther slo opp tesane sine på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517 og starta ein offentleg debatt. Med prosjektet «Tesar i tida» ønskjer Reformasjonsbyen Bergen å skape ein arena for open debatt om aktuelle samfunnsspørsmål, inspirert av reformasjonen.

Les meir på kyrkja.no/bjorgvin

Tid for tru, Brekke

Opplegget «Tid for tru» i Brekke er no avslutta. Her er eit glimt frå ei av samlingane.



- Og med biskopen si utfordring frå visitasforedraget om å arbeide vidare med den spennande ideen om forum for samtale om tru, er det berre for sokneråda å ta opp stafettpinnen og setje i gang med liknande opplegg.

Bibelutstilling, Brekke


Soknerådet i Brekke og Brekke sogelag har markert 200-årsjubileet til Bibelselskapet, og laga 30. november til ei utstilling av biblar på bedehuset. Det kom inn 17 gamle biblar og ei bokutgjeving av to skrifter i NT: Johannesevangeliet og Apostelgjerningane.



Bjarne Tveit i gang med registreringa,

saman med Ivar S. Haugland (representant for sogelaget). Jon Takle og Arne Kjelby på andre sida av bordet.

To biblar var frå 1700-talet (trykte i København): Den eldste utgjeven i 1732, den andre 1760. Den yngste bibelen på utstillinga var utgjeven i 1897.



Dette er den eldste bibelen, frå 1732.

Det mangla tittelblad i fem biblar, men desse såg ut til å vere mellom dei eldste utgåvene på 1800-talet.

Biblar med tittelblad (1800-talet):

”Det norske Bibelselskab”: fem biblar.

”Det Brittske og Udenlandske Bibelselskab”: tre biblar.

Olaus Nielsen: éin bibel.

Det var ein biletbibel òg på utstillinga, utgjeven i 1842, men me fann ikkje ut kven som stod bak utgjevinga. Eigarar av denne er Erna og Arne Kjelby.

Foto av biletbibelen frå 1842:



Litt om nokre av biblane

Den eldste bibelen er å finne på skulen i Brekke, men me veit ingen ting om saga til denne bibelen.

Kan det vere bibelen som omgangsskulelæraren brukte på 1700-talet?

Den første omgangsskulelæraren i Brekke tok til i 1748. Men bibelen kan ha komme i skulen si eige på andre måtar.

Den nest eldste bibelen har følgd eigarane i generasjon etter generasjon på ein av gardane i Brekke. Namnet til

første eigaren er skriva i bibelen, og han er tipp-tipp-tipp-tippoldefar til noverande eigar.

”Stein-Gregusen” var ein uvanleg flink gråsteinsmurar i Brekke. Bibelen han kjøpte, hadde han med seg då han emigrerte til USA på 1800-talet. Bibelen gjekk i arv til slektningar i USA, men kom seinare til Noreg igjen, til slekt på Ravnestad, Rygg i Gløppen. No er bibelen kommen attende til garden Gregorius kom frå, og var ein av biblane på utstillinga.

”Legd-Andersen” (1842–1921) gjekk, som namnet seier, på legd frå gard til gard, og tente litt med å ro folk som trong båtskyss. Han var ”skoren for tungebandet”, og mange av kommentarane hans har levd like til i dag. Bibelen hans vart teken vare på, og var ein av biblane på utstillinga.

Bjarne Tveit



Det er freistande å snakke om «gudsord i metervis» når vi ser på den imponerende rekkja av biblar som dei fekk samla inn til utstillinga i Brekke. Stor honnør til sokneråd og sogelag! Dette er kulturhistorie på høgt plan. Så då er det berre for andre å ta opp ideen og pusse støvet av bøker som måtte finnast i bokhyllene rundt om, så kulturskattane blir haldne i hevd.

Døypefonten i Gulen kyrkje

I 1905 vart døypefonten i stein sett inn i kyrkja og tatt i bruk. Denne har tidlegare stått utanfor kyrkjegardsporten, frå ca. 1600, og mest truleg vore brukt til vievatn. At det ikkje opprinneleg har vore ein døypefont, kan ein seie ut frå at det ikkje er hol slik at vatnet kan renne ut og ned i grunnen.



Kyrkja har også en døypefont frå 1863, laga samtidig med kyrkja, og i same stil som preikestolen.

Soknerådet har funne fram att den gamle og restaurert han. Og både sokneråd og soknemøte har gjort vedtak om at ein kunne bruke begge døypefontane. Dåpsfatet, frå 1879, er det same, og har innskrifta: *Jeg døber dig i navnet Faderens og Sønnens og Den Hellig-aands.*

I samband med visitasen vart saka om to døypefontar i same kyrkje teken

opp, og biskopen bestemte at vi frå no av skal nytte den i tre. Grunngevinga er i hovudsak at dåpen er ei handling som heile kyrkjelyden skal ta del i og ha ansvar for oppfølginga av, og då bør døypefonten plasserast slik at alle kan sjå. Så frå no av vil døypefonten bli framme i koret, ved dei gudstenestene det er dåp. Dersom nokon i dåpsfølgjet har problem med kortrappa, vil døypefonten bli flytta ned på golvet framme. Den flotte og gamle stein-«døype-fonten» er eit verna kulturminne, og vert ståande framme i kyrkja.

Nytt gravfelt, Mjømna gravplass



Arbeidet med nytt felt på gravplassen på Mjømna er i full gang. Arbeidet blir leia av Akasia AS og utført av Brekke maskinstasjon.

Det er planen at vi også skal få ordna det problemet som har vore øvst oppe på felt B, med overvatn. Det er ikkje enkelt å få det til, men vi prøver nokre løysingar. Dette gjer at enkelte gravstøtter blir midlertidig tekne vekk.

Kyrkjeverja har sendt brev om det til dei som står oppførte som pårørande. Arbeidet med gravplassen vil vere ferdig rundt årsskiftet, men tilsåinga skjer til våren.

Trude

Dugnad på Mjømna

To kjempegreie menn nyt den flotte haustdagen med å måle porten til Mjømna kyrkje.

Heilt på eige initiativ ønskte dei å hjelpe til med vedlikehald. At det trongst, er heilt sikkert. Tusen takk til Roald Sørhaug og Torbjørn Vågheim!



Dugnad i Eivindvik

Det måtte ein dugnad til i Gulen kyrkje før bispevisitasen. Det blei vaska, støvsuga, rydda og flikka både her og der i kyrkja. Og innimellom slaga måtte det ein god matpause til.



Kyrkje- og misjonsdag på Alværa 7. januar:

Tema: Kyrkjelyden i kvardag og fest. Tid: Laurdag 07.01.kl.10-16.
Geir Sørebø er innleiar. Personar i ulike alder og livsfase er utfordra til å fortelje om «Draume-kyrkjelyden min». Det blir samtale og utveksling av erfaringar. Tradisjonen tru vil vi òg syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjende med nye menneske.

Temadagen avsluttar med **gudsteneste kl.14.30**, v/Jens Linde. Om ettermiddagen blir det årsmøte for NMS Ytre Sogn. Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerande dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Brosjyre blir sendt rundt til kyrkjelydane, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661.

Områdeutvalet i NMS

Maria-helg 3.-5. mars

Det blir Maria-helg på Alværa 3 -5. mars 2017, for kvinner i alle aldrar.

Familiegudsteneste og konfirmantfest, Brekke

Det blir familiegudsteneste og konfirmantfest i Brekke bedehus **sundag 22. januar kl. 15.00**. Konfirmantar m/foreldre i Brekke sokn er særskilt innbedne, men **ALLE** er velkomne. Etter gudstenesta vert det kakebord m.m.

Brekke kristelege Ungdomslag i samarbeid med soknerådet/kyrkja

Tusen takk !

Bebuarar og personalet ved Brekke bu- og omsorgsenter ynskjer å takke for alle gåver som er gitt til senteret i løpet av 2016. Særleg ynskjer me å takke for pengegåvene som blei gitt ved Gunnar Hjartholm og Helene Grimslund sin bortgang.

Me nyttar også høvet til å ynskje alle gode hjelparar ei riktig god jul og eit fredelig nytt år !

Med venleg helsing

Mona Hjartholm

*Avdelingssjukepleiar sone BBD
avdeling Brekke.*

Hjarteleg takk

Takk for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved vår kjære mor, besta og oldebsta, Bergliot Haveland, sin bortgang.

Takk til Dalsøyra bu- og omsorgsenter for fint opphald og for god omsorg den tida ho budde der.

Ho sovna stille inn i leilegheita si, den 24. september 2016.

Helsing Erling, Jan, Arild, Berit og Rune m/familiar.

Hjarteleg takk

Me vil takke alle som følgde vår kjære søster og tante Kristina Sætevik til grava 16. september.

Takk for fine blommar og for pengegåver til Eivindvik bu- og omsorgsenter. Vi takkar for god pleie og omsorg ho hadde der.

Helsing Helga, Liv, Nanna, Magnar med familiar

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte

MJØMNA SOKN:

23.10.16: Edvard Hilmarsen Rong.
For. Kristian Strømme og Stine Mari
Hilmarsen Rong (busette i Bergen)

23.10.16: Magnus Stokvik Rong.
For. Roger Hilmarsen Rong og
Camilla Stokvik (busette i Bergen)

GULEN SOKN:

27.11.16: Hanna Haveland Nigardsøy.
For. Berit Haveland og Tor Erik
Nigardsøy. (Busette i Svelgen)

Døde:

BREKKE SOKN:

17.11.16: Nora Haugland, f. 1920.

GULEN SOKN:

20.10.16: Andrid Baarøy, f. 1947.



Minneord

Med stor sorg tok vi imot meldinga om at Andrid Baarøy, tidlegare kyrkjetenar i Gulen kyrkje og kontorfullmektig på kyrkjekontoret, døydde 20.10.2016. Andrid begynte å arbeide for kyrkja i 1991, og har vore trufast med på det meste heilt fram til ho vart pensjonist i 2015.

Andrid var eit utruleg positivt, praktisk og løysingsorientert menneske! Humøret hennar var smittande, og det er ei stor gåve å ha hatt ho i staben. Vi sakna ho då ho slutta i jobb, og vi er veldig lei oss for at ho fekk så lita tid til å nyte pensjonisttilværet. Andrid visste det gjekk mot slutten, og ga klar melding om at ho ikkje ville ha ei «trist» gravferd. Det løftet heldt familien, og vi takkar for at dei både i kyrkja og på minnestunda inviterte oss inn i Andrid sitt liv. Takk og gode tankar til Gustav og resten av familien. Vi lyser fred over Andrid sitt gode minne.

Trude Brosvik, kyrkjeverje



KYRKJEKALENDEREN

NB! Kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook. Offer Gulen: Ikkje fastsett.

Laurdag 17.12.: Adventskonsert
Brekke kyrkje kl. 16.00. Offer: Eige arbeid.

18.12., 4. s. i advent: Vi syng jula inn.
Gulen kyrkje kl. 16.00. Offer: Eige arbeid.

24.12., Julaftan:

Mjømna kyrkje kl. 13.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens nødhj.

Brekke kyrkje kl. 14.00 v/Andreas Ester. Offer: Kirkens nødhjelp.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde. Offer: Kirkens nødhjelp.

25.12., 1. juledag:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Jens Linde.

Offer: Kirkens bymisjon.

26.12., 2. juledag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Jens

Linde. Offer: Eige arbeid.

31.12., Nyttårsaftan:

Brekke kyrkje kl. 23.00 /Jens Linde.

Offer: Kirkens sosialteneste.

08.01., Kristi openberringsdag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Audun

Systad.

15.01., 2. s. i openberringstida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Jens

Linde. Offer: Misjonæradsjon.

22.01., 3. s. i openberringstida

Brekke bedehus kl. 15.00 v/Jens

Linde. Gudsteneste og konfirmantfest.

Offer: Bedehuset/Kyrkjelydsarbeidet

29.01., 4. s. i openberringstida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

05.02., 5. s. i openberringstida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Offer: Kyrkjelydsarbeid

12.02., Såmannssøndag

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Offer: Misjonæravtale med NMS.

19.02., Kristi forklaringsdag

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Audun

Systad.

26.02., Fastelavnssøndag

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

05.03., 1. s. i fastetida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Offer: Søndagsskulen.

12.03., 2. s. i fastetida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

19.03., 3. s. i fastetida

Brekke kyrkje kl. 12.00 v/Jens Linde.

Samtalegudsteneste (konfirmanthelg).

Offer: Alværa

26.03.: Ikkje gudsteneste

02.04., 4. s. i fastetida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Audun

Systad.

09.04., Palmesøndag

Byrknes bedehus kl. 15.30 v/Jens

Linde. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

13.04., Skjærtorsdag

Gulen kyrkje kl. 19.30 v/Jens Linde.

14.04., Langfredag

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Ikkje offer.

16.04., 1. påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Mjømna kyrkje kl. 16.30 v/Jens Linde.

Offer: Indremisjonen.

17.04., 2. påskedag

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Offer: Søndagsskulen.

23.04.: Ikkje gudsteneste

30.04., 3. s. i påsketida

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Konfirmasjon.

07.04.: Ikkje gudsteneste

14.05., 5. s. i påsketida

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

17. mai, Grunnlovsdag

Brekke kyrkje kl. 11.30 v/Jens Linde

Offer: NMS

21.05., 6. s. i påsketida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.

Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid.